

Å R S M E L D I N G 1 9 8 4

frå Hjellvikgruppa i Osterøy Idrettslag.
"*****"

Gruppa har dette året vore svært oppteken med planlegginga og opparbeid-
inga av den nye idrettsbanen .

Den glædelege meldinga om tildeling av tippemidlar på ca. kr. 550.000.-
fekk me tidleg på våren og vona då på at arbeidet kunne kome i gang
straks. Men på grunn av sein saksgang med å få klargjort tomten og fjer-
na hytta som stod i vegen, laut me venta til i haust med å ta det første
"s padestikket". Pr. 1. november d.å. er me komne så langt at nær på
all boring og sprenging er unnagjort. Ragnar Tyssebotn som har teke på
seg arbeidet, meiner at planeringa skal vera fullført før året er omme.
Dersom då pengane strekk til og dugnadsinnsatsen vert stor nok, kan ein
rekna med at banen kan takast i bruk frå vårsesongen av.

Avtalen med Tyssebotn går ut på at me skal få lov å koma inn med allidén
dugnad me kan makta. Hittil har me vendt oss beinveges til dei personane
me har hatt bruk for etter kvart som arbeidet har krave og tillate det.
Men seinare vert det bruk for folk av alle kategoriar, og me vonar at
bygdefolket vil slutta mannjamnt opp om tiltaket.

Styret har fungert som arbeidsleiargruppe frå arbeidet kom i gang og
har hatt fast arbeidsmøte ein gong i veka. - Utanom desse møta har
styret hatt 5 samlingar.

Den idrettslege aktiviteten på lokalplanet har vesentleg gått føre seg.
I skigruppa sin regi. I trenings-/merkerenn 15/1., 26/1. og 29/1. deltok
48 born og 18 vaksne. 46 har greidd krava til skimerke, og 27 har løyst
inn merket. 8 personar har teke alle merkegradene og går til plakett
eller statuett .

Hjellvikgruppa hadde med 4 lag i Osterøy-stafetten: 1 jentelag (10 - 12 år),
2 gutelag (10 - 12 år) og 1 damelag.

Trimløpet "Tirevoll over" vert meir og meir populært ser det ut til.
Ny rekord i talet på deltakarar - ca. 150 born og vaksne var med. I
tevlinga mellom dei tre bygdelaga Vestbygda, Austbygda og Midtbygda om
kven som stilte flest trimmarar, vann Vestbygda med Midtbygda som ein
god nr. 2.

Hovudlaget har hatt ei av innadørs hopptevlingane sine på Hjellvik.
I denne idrettsgreina har elles Dag Magne Vedå merka seg ut dette året.
Han nærmar seg no lagsrekorden i høgdehopp og tevlar med dei fremste på
krinsplanet.

Fleire av gutane frå gruppa vår gjer det bra i friidrett, og friidretts-
gruppa i hovudlaget fortener ros for måten dei har teke seg av gutane på .

2 - 3 jenter og like mange gutar har delteke som spelarar på fotballaga
til Osterøy og VIF. I turn har 3 av jentene våre gjort det ekstra godt.

Elles er det vel Nils Brakestad som framleis er den mest aktive av dei
~~vaksne~~ idrettsdeltakarane våre. Han har vore med på ei rekkje tur- og
trim-løp og gjort det bra. Ein del andre "gamlingar" har han fått "lurt"
med seg i seinare tid, slik at det no er ein flokk på 7 - 8 personar som
deltek i slike løp.

Gruppa har delteke i ymse fellestiltak i bygda, m.a. aktivitetskveldane
for born og ungdom, som vonleg kan starta oppatt også i vinter.

Hjellvik medio november 1984.

f. Hjellvikgruppa i OIL

.Asbjørn..Baknes.....
form.